



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Alver - (Meland) - 342/65 - Eikeland - frådeling av tre tomter til fritidsbustadføremaal - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 19.10.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå plankrav og frå byggjegrænse mot sjø for frådeling tomter til fritidsbustad og tilkomstveg og etablering av VA.

Det var gjeve avslag på dispensasjon i administrativt vedtak 427/20, datert 23.04.2020.

Vedtaket vart klaga på av Arkoconsult på vegne av tiltakshavar i brev datert 12.05.2020.

Utval for areal, plan og miljø gav i møte den 10.06.2020 dispensasjon for tiltak nemnt over, i sak 086/20.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 25.06.2020.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev av 15.07.2020.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 14.10.20, i sak 133/20, og klaga vart ikkje teken til følgje.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

REKNES BYGGJEVARER LL	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND
ARKOCONSULT AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG